

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til å legge ned dam Storavatn i Øygarden kommune

NVE har motteke søknad frå A/S Sigba Eiendom, Newco Holding AS, Øygarden kommune og Omya Hustadmarmor AS om løyve til å legge ned dam Storavatn i Øygarden kommune. Søknaden vert behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 jf. § 41 i same lov.

Alternativet til nedlegging er at ein ny eigar tek over anlegget jf. vassressurslova § 42. Dersom nokon ønskjer å ta over vassdragsanlegget, ber vi om at de kontaktar NVE så snart som mogleg og seinast innan 2.7.2021. Ny eigar vil bli ansvarleg for at dammen oppfyller krav i damsikkerheitsforskrifta. Dammen er foreløpig plassert i konsekvensklasse 3.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på NVE sine internettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Lars Frydendal på tlf. 90 65 64 93 eller e-post: lars.frydendal@omya.com.

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202105591 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **2.7.2021**.

Dersom de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist.